

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i advent – 11. desember 2016

Preiketekst: Jes 35,1-10

Lesetekst I: 1 Kor 3,18-23

Lesetekst II: Matt 11,2-11

Bare vent!

Det kan sakte vera vanskeleg å trengja gjennom det tjukke og merkbare filteret som ligg over tekstar og bibelbudskap, nå, i dei siste sundagane før jul.

Nå er jo ikkje lysmesser, julekonsertar og alle slags førjuls-samlingar å forakta. Sakte har det sin verdi, både i sosial og åndeleg meining.

Venta og sjå!

Det kyrkjeåret vi nå har gått inn i kjem til å ha ein del tekster frå andre skrifter enn evangelia i NT. Dette er den første av desse, og vi går til Jesajaboka.

I dagens hovudtekst frå Jesaja 35 er også blikket vendt framover: Venta bare! Venta og sjå!

Nå er det eit åpenbart «problem» her i denne teksta: Ho peikar langt framover. Svært langt, får vi inntrykk av. Mot tider som skal koma, mot «ein gong». Det vi kallar «det profetiske perspektivet» synest nok å trekkja blikket vårt langt framover i tid. Medan vi, som nå er bare nokre få dagar framføre julehøgtida, tel ned i eit betrakteleg kortare perspektiv.

I dette avsnittet frå profeten Jesaja vert vi henta langt tilbake, så vi ser at det som nå er i ferd med å henda, har bakgrunn i løfte som vart gjevne for hundrevis av år sidan. Og som har ligge i Herrens sinn og tanke frå opphavet av!

Er tida inne?

Det er jo på den bakgrunnen vi kan lesa om Døyparen frå Johannes-teksta, og om disiplane si undring: Er det nå det skjer, det som er lova frå dei gamle tekstane? «Er du den som skal koma?»

Og svaret Jesus gir, kan hende litt indirekte, er eit rungande og klart «JA»: sjå kva som skjer! Underfull er han som nå kjem til jord! Ja, han er den vegen som fører fram til Gud, og som vi kan få gå på, heilt fram til Herrens nådekrone.

Den heilage vegen

Den vegen er heilag. Vegen til Guds åsyn vart stengd, og vert vakta av kjerubar med sverd, etter at menneska gjorde opprør mot Gud og hans vilje, har vi lese på bibelens fyrste blad.

Og vegen til Herren Gud kan vi ikkje ferdast på, utan at han er gjenopna av Gud sjølv.

Underet i julehøgtida er jo altså nettopp dette:

Vegen oppad er fri. Opna opp av han som låg i ei krybbe, og hang på ein kross. Han sa det jo ganske direkte om seg sjølv: «eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen, utan ved meg».

Er det rart at han i ei av tekstene på sjølvaste juaftan vert omtala med namnet «Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste».

Vegsak

Det er alvorlege greier. I våre dagar er vi opptekne av at vi treng nye og betre vegar i landet vårt. Nokre er skeptiske til å få altforfor god veg: Dei fryktar fråflytting.

Men så opplever nokre det dei ikkje hadde trudd og rekna med: nye og gode vegar fører også med seg tilflytting. Altså: trafikk begge vegar!

Når profetane forkynner om den nye vegen, og oppmuntrar oss til å gjera vegane rette og jamne, så er det fordi trafikken skal kunna gå fint og uhindra: Herren Gud kjem til oss, til den verda han har skapt. Og vi skal få koma til Gud, til hans rike, fram for hans trone.

Tenk, dette er i ferd med å skje. Det er julehøgtida sitt store under.

Det er adventstid. Tida, altså, for forventning og glede: Se, han kommer, Jesus kommer. Nå, som barn i ei krybbe. Og ein gong, som Herre og Gud.

Den tredje av tekstane i dag understrekar også ei viktig side ved dette: Herrens visdom. Hans frelsesplan. Hans tankar, som er større, og annleis enn våre tankar.

Det kan vera ei viktig påminning, også nå ved juletider. For så mange har lett for å koma med innvendingar til bibelens budskap. Også om det at «vi alle var fordervet, i vår ulydighet, så har han oss ervervet all himlens fryd og fred».

I adventstida høyrer vi om vegen til Gud.

Den heilage vegen,

Vegen til liv og blomstring,

til fred og glede,

til framtid og håp.

God julehelg!

Ole Gunnar Sæbø

Pensjonert prest

o.g.sabo@online.no